

Hordaland fylkeskommune

23 FEB 2015



**Hardangerrådet iks**



Hardanger

Til Hordaland Fylkeskommune  
Ved Hans Inge Gloppen  
Næringsseksjonen  
Bergen

**Søknad om Skjønsmidler til Hardanger i samband med Regionale Næringsfond 2015.**

Styret i Regionalt Næringsfond Hardanger gjorde 12.11.2014 slikt vedtak:



**RNH – sak 05/14 Innspel til Skjønsmidler 2014.**

**Vedtak:**

Regionalt Næringsfond Hardanger søker Hordaland Fylkeskommune om skjønsmidler til arbeidet i Team Hardanger for 2015. Dagleg leiar utformar søknaden.

**Regionalt Næringsfond Hardanger ber om 300.000 kr i skjønsmidler for 2015 til føremålet "Handlingstiltak for Næringsstilrettelegging i Hardanger"**

Midlane skal nyttast av Team Hardanger til arbeidet med å iverksetja fellestiltak for næringslivet og etablerarutvikling i dei 7 Hardangerkommunane. Dette er ikkje søknad om støtte til drifta av Team Hardanger. (Vedlagt godkjent mandat for Team Hardanger)

**Arbeidet har som målsetjing gjennom nettverket Team Hardanger å vidareutvikla eit fruktbart samarbeid omkring det offentlege verkemiddelapparatet si tilrettelegging og koordinering for næringslivet i Hardanger.**

**Gjennom konkrete handlingstiltak skal handlingstiltaka forsterka dei gode felles kreftene og den gode utviklinga, samt vera pådrivar for vidare vekst for næringslivet i Hardanger**

**Bakgrunn:**

Etter at tiltaka i prosjektet Flytt til Hardager vart fasa ut pr 31.12.2014, så står kommunane /herada tilbake med felles interkommunale oppgåver som det er ønskeleg å vidareføra. Dette er oppgåver og tiltak som det er lite rasjonelt at kommunane utfører kvar for seg.

**TH sine handlingstiltak er tenkt å vera mangfaldige til dømes:**

1. Samarbeid med NAV og rekrutteringsaktivitet saman med næringslivet.
2. Karrieredagar
3. Tilflyttingsarbeidet i Hardanger
4. Interkommunal matsatsing
5. Internasjonalt arbeid og kontaktnettverk
6. Utviklingsplan for Indre Hordaland
7. Spela inn nærings saker og areal saker til Hardangerrådet iks
8. Etablerartenesta i Hardanger. Aktiv informasjon i kommunane

9. Møte med Innovasjon Norge og andre verkemiddelaktører
10. Vedlikehalda kommunane sin informasjon på kom-an.no

Økonomi:

Team Hardanger er eit samordningsorgan som ikkje har egne midlar til disposisjon. Dei midlane som HFK har tildelt som støtte til Regionråda har gått til Etableraskulering i regionen og vil framleis verta prioritert slik. Handlingstiltaka som Team Hardanger kan setja i gang er avhengig av ein del frie midlar til disposisjon. Hardangerrådet koordinerer handlingstiltaka og har lang erfaring med prosjektorganisering som leverer resultat.

Grunngjevinga for søknaden:

Hardanger har gjennom prosjektet Flytt til Hardanger levert ny folketalsvekst i Hardanger sidan 2009. Prosjektet har utvikla mange og viktige verktøy for at kommunane/herada no kan vera gode tilflyttarvertskap, attraktive bukommunar og gode tilretteleggjarar for næringsutvikling. Men det er framleis område som kommunane/herada treng samarbeida om. Til dette vil Hardangerrådet nytta Team Hardanger som koordinerande nettverk. Me nemner:

- Regional fokus på tilgang på arbeidskraft
- Tilgang på næringsareal og næringsbygg
- Overordna plansaker
- Interkommunale etablerarordningar

**Me vonar på støtte til dette og står til disposisjon for utfyllande opplysningar.**

Kinsarvik 24.02.2015

Leiv Vambheim  
Dagleg leiar